



Midt-Telemark
kommune

Planprogram

Arealdelen av kommuneplanen

Midt-Telemark kommune 2021-2033

Fastsett av kommunestyret 3.2.20

VI SKAPER
FRAMTIDA
SAMAN



Innhald

- 1 Kva er arealdelen av kommuneplanen og kva er eit planprogram? 2**
- 2 Kvifor lager vi ein ny arealdel? 2**
- 3 Kva er rammene for planarbeidet? 2**
 - 3.1 Nasjonale og regionale føringar 2
 - 3.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen for Midt-Telemark 2019-2031 3
- 4 Kva område vil planen gjelde? 5**
- 5 Korleis blir planarbeidet organisert? 5**
- 6 Kva er fasane i ein planprosess? 5**
- 7 Kven skal involverast i planarbeidet og korleis? 6**
- 8 Kva for problemstillingar skal drøftast i planarbeidet? 7**
 - 8.1 Sentrumsutvikling, handel og fortetting 7
 - 8.2 Bustader 8
 - 8.3 Mobilitet, infrastruktur og folkehelse 9
 - 8.4 Landbruk og næringsliv 10
 - 8.5 Grøntstruktur og vassdrag 11
 - 8.6 Beredskap og tryggleik 12
- 9 Korleis skal vi vurdere konsekvensane av planforslaget? 12**



1 Kva er arealdelen av kommuneplanen og kva er eit planprogram?

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument som set mål for samfunnsutviklinga og legg rammer for bruk av areala i kommunen. Samfunnsdelen av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune vart vedtatt våren 2019, og no skal arealdelen av kommuneplanen utarbeidast. Arealdelen skal følgje opp føringane i samfunnsdelen og gje rammer for ny arealbruk. Arealdelen består av eit plankart for det samla arealet i kommunen, utfyllande føresegner og retningslinjer og ei planomtale. Ny arealdel vil erstatte dei to gjeldande arealdelane for Sauherad og Bø kommunar og kommunedelplan for Lifjell. Område avsett til utbygging i arealdelen av kommuneplanen, må normalt detaljplanleggast gjennom ein reguleringsplan før dei kan utviklast.

Dette er planprogrammet for arealdelen. Eit planprogram er ein «plan for planprosessen» og skal legges til rette for ei open drøfting om opplegg for planarbeidet og behov for utgreiingar. Forslag til planprogram leggst ut til offentleg ettersyn i 6 veker, samtidig med at kommunen varslar om planarbeidet startar opp. **Merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet sendast postmottak@bo.kommune.no eller Bø kommune, Pb 83, 3833 Bø. Frist for merknader og innspel er 1.januar 2020.**

2 Kvifor lager vi ein ny arealdel?

Kommunestyra i Bø og Sauherad har i felles kommunal planstrategi vedtatt at det skal lagast ny arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark etter at samfunnsdelen var ferdig utarbeidd. Det er behov for ein arealdel som følgjer opp mål og strategiar i ny samfunnsdel og som gjeld for heile den nye kommunen.

Bø og Sauherad har i dag kvar sine arealdelar som følgjer opp to ulike samfunnsdelar, i tillegg til at det er ein eigen kommunedelplan for Lifjell. Med ein ny arealdel for Midt-Telemark kommune vil ein få eit felles regelsett for heile kommunen. For å få på plass ein felles arealdel for ny kommune innan 1.kvartal 2021, jf framdriftsplanen i kap. 6, med tilgjengelege ressursar, er det naudsynt å gjere prioriteringar i planarbeidet. Det viktigaste fokuset vil vere å sørge for oppfølging av samfunnsdelen og få eit felles regelsett for heile kommunen.

3 Kva er rammene for planarbeidet?

3.1 Nasjonale og regionale føringar

Jf. plan- og bygningslova §11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. I tillegg til lovkravet er det andre statlege og regionale føringar for kommunal planlegging:

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2019) legg vekt på fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn mellom anna gjennom ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Ei rekke regionale planar legg føringar for kommunal planlegging, men for arealdelen er det naturleg å trekke fram [Regional plan for samordna areal og transport i Telemark](#), [Regional klimaplan for](#)




Telemark, Regional plan for vannregion Vest-Viken (inkludert forskrift om rammer for vassforvaltninga) og Regional plan for folkehelse i Telemark.

3.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen for Midt-Telemark 2019-2031

Samfunnsdelen av kommuneplanen tar opp i seg nasjonale og regionale føringar for kommunal planlegging, og bygger opp under FN sine berekraftsmål. Planen har overordna mål og strategiar innanfor fire satsingsområde som bygger på visjonen “Vi skaper framtida saman”:


- SAMAN – demokrati, identitet og samskaping
- SKAPAR – attraktivitet for næring, bustad og besøk
- VI – livskvalitet og levekår
- FRAMTIDA – innovativt, smart og grønt Midt-Telemark

Planen fastsett arealstrategiar for korleis utbyggingsmønsteret skal bidra til måloppnåing som er illustrert i Figur 1. Arealstrategiane vert dei viktigaste føringane for arealdelen.





1. Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra. Avgrensning av tettstadane følger prinsippa i gjeldande arealdelar.
2. 70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadane Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spreidd bustadbygging og små husklyngjer tilknytt eksisterande bebyggelse etter gitte kriteria.
3. Det leggst til rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassveggar og grønstruktur i kjerna av alle sentra i kommunen.
4. Det skal leggst til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.
5. Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800m² konsentrerast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser. Plasskrevjande handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark.
6. Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast.
7. Viktige friluft- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast.
8. Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.
9. Det leggst til rette for variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfald og liv i nærmiljøet.
10. Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar.



Figur 1 Prinsippillustrasjon av arealstrategiar for Midt-Telemark kommune



4 Kva område vil planen gjelde?

Arealdelen vil omfatte heile den nye Midt-Telemark kommune. I dag omfattast planområdet av arealdelen av kommuneplanen for Sauherad, arealdelen av kommuneplanen for Bø og kommunedelplan for Lifjell. Den delen av dagens Sauherad kommune som vil bli overført til Notodden kommune etter grensejustering ved Hjuksebø, vil ikkje bli omfatta av ny arealdel.

5 Korleis blir planarbeidet organisert?



6 Kva er fasane i ein planprosess?

1. Planprogram

- Varsel om oppstart
- 6 veker høyring og offentleg ettersyn av planprogram
- Kommunestyret vedtar endeleg planprogram

2. Utreiingsfase: Utreiingar og innhenting av kunnskap som skissert i planprogrammet

3. Siling og konsekvensutgreiing av innspel

- Siling av innspel frå varsel om oppstart på bakgrunn av føringar i samfunnsdelen av kommuneplanen og nasjonale og regionale føringar for planlegging.
- Konsekvensutgreiing av innspel etter siling

4. Planforslag: Utarbeiding av plankart, føresegner og planomtale

5. Offentleg ettersyn: Politisk behandling av planforslaget og 6 veker offentleg ettersyn av planforslaget

6. Behandling av høyringsinnspel

- Politisk behandling av høyringsinnspel og rådmannen sitt forslag til endring av planforslaget på bakgrunn av høyringa
- Ny høyring dersom det er vesentlege endringar av planen på bakgrunn av høyringsinnspel
- Mekling med regionale etatar dersom det ligg føre motsegn mot planen

7. Endeleg vedtak i kommunestyret og kunnjing av vedtatt plan



Kvartalsvis framdriftsplan:

	2019		2020			2021
Planprogram						
Utgreiingsfase						
Siling og konsekvensutgreiing av innspel						
Planforslag						
Offentleg ettersyn						
Behandling av høyringsinnspel						
Endeleg vedtak						

Frist for å kome med innspel til planarbeidet eller merknader til planprogrammet er 1.januar 2020. Merknader og innspel sendast postmottak@bo.kommune.no eller Bø kommune, Pb 83, 3833 Bø og merkast med «Kommuneplanens arealdel, Midt-Telemark kommune».

7 Kven skal involverast i planarbeidet og korleis?

Kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv og interesseorganisasjonar er viktig for å få eit best mogleg resultat av planarbeidet, for å sikre forankring av planen og for å legge grunnlag for tillit mellom kommune, næringsliv og befolkning. Kommunen ønskjer å nytte dette planarbeidet til å prøve ut nye løysingar for medverknad. Det skal utarbeidast ein medverknads- og kommunikasjonsstrategi som skal godkjennast av styringsgruppa. Hovudmålgrupper for medverknad er innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar, politikarar, nabokommunar og aktuelle styresmakter. Beredskaps- og naudetatar og eigarar og konsesjonærar av straumnettet må involverast. Det vil krevje ulike løysingar for å nå dei ulike målgruppene.

Ved oppstart av planarbeidet vil prosjektgruppa informere om prosessen og planarbeidet i ope plankontor i Bø og på Gvarv. Her kan enkeltpersonar saman med andre og prosjektgruppa drøfte eigne innspel til framtidig arealbruk. Barnerepresentanten i kommunen er involvert i planarbeidet gjennom ei av arbeidsgruppene, og barn og unge vil bli involvert gjennom ungdomsråd.

I utgreiingsfasen vil prosjektgruppa invitere aktuelle deltakarar inn til arbeidsmøte knytt til ulike tema. Ulike medverknadsprosessar vil bli tatt i bruk for å få fram gode råd, erfaringar og innspel knytt til ulike problemstillingar. Kommuneorganisasjonen vil bli involvert og engasjert for å få fram relevante problemstillingar og å kvalitetssikre arbeidet på administrativt nivå. Det er aktuelt å arrangere temamøte i denne fasen, der m.a. bustad er eit aktuelt tema, både for denne planen og for pågåande arbeid med bustadpolitisk plan. I høyringsperioden vil det bli arrangert ope møte, og det kan vere aktuelt med opne kontordagar.



8 Kva for problemstillingar skal drøftast i planarbeidet?

8.1 Sentrumsutvikling, handel og fortetting

Arealstrategiar frå samfunnsdelen av kommuneplanen:

Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra. Avgrensing av tettstadane følger prinsippa i gjeldande arealdelar.

Det leggst til rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassvegar og grønstruktur i kjerna av alle sentra i kommunen.

Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800 m² konsentrerast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser. Plasskrevjande handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark.

Lokaliserer kontorarbeidsplassar, detaljhandel og publikumsretta funksjonar til region- og lokalsenter

Bø sentrum er både kommunesenter i ny kommune og regionsenter i dag. Gvarv er lokalsenter i Midt-Telemark kommune og Hørte, Akkerhaugen og Nordagutu er grendesenter. Kompakt sentrumsutvikling i Bø og på Gvarv er ein føresetnad for aktivitet i sentrum, samstundes som korte avstandar mellom bustad, arbeidsplassar og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare. Samfunnsdelen legg til grunn at Bø skal vere eit levande regionsenter for handel og utdanning i det nye fylket. Bø sentrum er regulert av to områdeplanar; områdeplan for Campus Bø (2015) og områdeplan for Bø sentrum (2018). Campusplanen legg til rette for styrking av funksjonar som bygger opp under USN Campus Bø. Sentrumsplanen legg til rette for fortetting med bustader og andre sentrumsfunksjonar i resten av sentrum. I samband med utarbeiding av områdereguleringsplan for Bø sentrum vart det utarbeidd ei handelsanalyse som la grunnlag for avgrensing av område for detaljhandel innanfor sentrumsgrensa.

I prosjektet [Bygdepakke Bø og Sauherad](#) er det utarbeidd relevant kunnskapsgrunnlag for dette temaet, som fortettingsanalyse for Bø sentrum, fortettingsanalyse for Gvarv sentrum, gatebruksutgreiing for Bø sentrum, mulighetsstudie for Bø stasjon osb.

Kommuneplanen skal legge grunnlag for at fortetting skjer med kvalitet, slik at ikkje fortetting fører til nedbygging av element i tettstadane som bidrar til gode bumiljø eller reduserer sentrumskvalitetar på anna vis.

Kva treng vi å kartlegge og innhente meir informasjon om i planarbeidet?

- Gjennomgang av føresegner knytt til utnyttingsgrad, høgder, bukvalitetar og fortettingspotensiale i Bø og Gvarv sentrum basert på eksisterande fortettingsanalyser



8.2 Bustader

Arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen:

70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadane Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spreidd bustadbygging og små husklynger tilknytt eksisterande bebyggelse etter gitte kriterie.

Det leggast til rette for variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfald og liv i nærmiljøet

Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

Prognosane for folketalsutvikling i Midt-Telemark kommune viser at folketalet vil auke frå om lag 10 500 innbyggjarar i 2019 (utan Hjuksebø og Angard som vil høyre til Notodden kommune f.o.m. 1.1.20) til i overkant av 12 600 innbyggjarar dei neste 20 åra. Gruppa over 67 år vil auke med 1000 personar i same periode, noko som vil legge føringar for planlegging av bustader i arealdelen. Bustadmassa er i dag dominert av einebustader, 55% i Bø og 73% i Sauherad.

Bø har hatt årleg vekstrate på 1,7% i perioden 2008-18 og Sauherad 0,2%. Heile 80% av veksten i Bø har kome i tettstaden Bø. I Sauherad har tettstaden Gvarv vekse meir enn i Sauherad totalt. Samfunnsdelen legg opp til at bustadutviklinga i hovudsak skal skje i nærleiken av skule, barnehage, arbeidsplass, fritids- og servicetilbod i Bø og på Gvarv, og at øvrig bustadutvikling skal skje i tilknytning til eksisterande grendesenter i tillegg til spreidd busetnad.

Det må kartleggast kva som er tilgjengeleg areal for bustader i gjeldande planar innanfor dei ulike tettstadane, og behovet for nye bustadområde må vurderast opp mot prognoser for befolkningsvekst. I planarbeidet vil det bli vurdert om det er behov for å ta ut uregulerte bustadområde som ligg inne i gjeldande kommuneplanar. Dei viktigaste vurderingskriteria vil vere om områda er i tråd med samfunnsdelen, om områda blir vurdert som eigna m.o.p naturfare og om områda er utvikla etter at dei vart lagt inn i gjeldande kommuneplan. Samla omfang av bustadområde må vurderast opp mot framtidig behov for bustader.

Det er behov for å vurdere kor godt gjeldande planar fungerer for å skape gode bumiljø for barn og vaksne, m.a. ved å kartlegge eksisterande leikeplassar og møteplassar i dagens byggeområde.

Kva føringar som skal leggast for spreidd busetnad må avklarast i planarbeidet. Spreidd bustadbygging er bustadbygging utanfor område som er sett av til utbyggingsformål. Gjeldande planar og ny plan skal avgrense dei områda der det opnast for spreidd bustadbygging. Det er behov for å gå gjennom avgrensinga av desse områda.

I planarbeidet vil ein og vurdere om dei eldste reguleringsplanane for bustadområde skal gjelde vidare eller om dei skal opphevast. Det vil og bli vurdert om manglar i gjeldande reguleringsplanar (t.d. der krav til uteopphaldsareal eller utnyttingsgrad manglar) kan overstyrast gjennom føresegner for utvalde tema i arealdelen.



Kva treng vi å kartlegge og innhente meir informasjon om i planarbeidet?

- Kartlegge eksisterande bustadmasse fordelt på bustadtyper
- Kartlegge bustadutbygging sidan 2015 innanfor definerte tettstad- og sentrumsgrenser i gjeldande kommuneplanar
- Gjennomgang av ubygde bustadområde i gjeldande planar
- Prognoser for bustadbehov fordelt på alder i planperioden
- Kartlegge konsekvensar av å oppheve eldre reguleringsplanar for bustadområde
- Gjennomgang av soner for spreidd bustadbygging

8.3 Mobilitet, infrastruktur og folkehelse

Arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen:

Det skal leggast til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport

Sikrar infrastruktur for mjuke trafikantar ved alle utbyggingar og langs hovudvegane

Vidareutviklar kollektivknutepunktet Bø stasjon

Vidareutviklar kollektivknutepunktet Gvarv

Legg til rette i arealplanar for ein samanhengande «kyststi» langs Norsjø og Bøelva

Utviklar kollektivtilbodet langs sentrale aksar og bygger opp under Sørlandsbanen og Bratsbergbanen

Sikrar og legg til rette for badeplassar og tilkomst til friluftsområde

Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging

Samfunnsdelen legg opp til eit utbyggingsmønster som i størst mogleg grad reduserer bilavhengigheit og som gir grunnlag for eit betre kollektivtilbod og satsing på sykkel og gange. I planarbeidet må det konkretiserast korleis plankart og føresegnar på best mogleg måte kan sikre ei ønska utvikling på dette området. I gjeldande planar har ein sikra ein framtidig trasé for framtidig høgfartsbane gjennom Bø og Sauherad. I ny plan må det takast stilling til om dette skal vidareførast.

Parkeringskrava i gjeldande planar vil bli gjennomgått i planarbeidet. Parkeringsutgreiing utarbeidd for Bø sentrum, som del av Bygdepakkeprosjektet, vil vere viktig kunnskapsgrunnlag for temaet.

Jernbanedirektoratet har sett i gang ein prosess for å flytte dagens tømmerterminal ved Bø stasjon. Sunde ved Nordagutu er eit aktuelt alternativ. Planprosessen må sikre naudsynt areal og tilkomst til ny terminal her jf. tilbakemelding frå Bane NOR og Jernbanedirektoratet ved høyring av planprogrammet.

Areal- og transportanalyse for Bø og Sauherad (2018), som vart utarbeidd i samband med samfunnsdelen, vil vere viktig grunnlag både for dette temaet og for andre tema som bustad og sentrumsutvikling. Også for dette tema vil kunnskapsgrunnlaget frå Bygdepakke Bø og Sauherad vere vesentleg, som nyleg utarbeidd mobilitetsstrategi og sykkelplan for Bø. Sykkelplanen for Bø vil bli utvida til sykkelplan for Midt-Telemark i løpet av hausten og definerer hovudnett for sykkel. Definert hovudnett må følgast opp i arealdelen.

I løpet av hausten 2019 skal det leggast fram ei oversikt over folkehelsestanden i Midt-Telemark kommune. I planarbeidet må det drøftast korleis resultata her kan følgast opp i arealdelen. I gjeldande planar er det sett av omsynssone for drikkevasskjelder. Det er behov for å gå gjennom om



avgrensinga er rett i høve til dagens vassforsyning og om føresegnene sikrar at innbygarane får tilstrekkeleg mengder helsemessig trygt drikkevatt.

Kva treng vi å kartlegge og innhente meir informasjon om i planarbeidet?

- Avklare behov for bandlegging av areal for å legge til rette for ein framtidig «kyststi» langs Norsjø og Bøelva
- Avklare behov for areal og tilkomstveg til mogleg framtidig tømmerterminal på Nordagutu
- Gjennomgang av folkehelseoversikten og «arealkonsekvensar» av denne
- Gjennomgang av omsynssone for nedslagsfelt for drikkevasskjelder i gjeldande planar

8.4 Landbruk og næringsliv

Arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen:

Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, naturmiljø og naturmangfald skal sikrast

Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar

Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivarettatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

Legg til rette for vidareutvikling av Akkerhaugen som reisemål og knutepunkt for reiseliv knytt til Telemarkskanalen

Legg til rette for nyetableringar og vidareutviklar eksisterande næringar

Legg til rette for attraktive næringsareal

Kommunedelplan for Lifjell legg opp til ein omfattande utbygging av alpinheisar og nedfartar. I planarbeidet må det avklarast om dette er eit reiselivskonsept som skal leggjast til grunn for ny plan.

Tilgjengeleg næringsareal, inkludert areal for reiselivsverksemdene, må kartleggast og vurderast opp mot sannsynleg framtidig behov. Samfunnsdelen har mål om at den sterke posisjonen Midt-Telemark kommune har innanfor landbruk generelt og frukt særskilt skal vidareutviklast. I arbeidet med arealdelen er det viktig å sikre areal til dette. Eksisterande og framtidige massedeponi må settast av med eige formål i planen, jf innspel frå Fylkesmannen på høyring av planprogrammet.

I planarbeidet vil det bli vurdert om det er behov for å ta ut uregulerte område som er sett av til næring eller fritidsbustader. Dei viktigaste vurderingskriteria vil vere om områda er i tråd med samfunnsdelen, om områda blir vurdert som eigna mop naturfare og om områda er utvikla etter at dei vart lagt inn i gjeldande kommuneplan.

I planarbeidet vil ein og vurdere om dei eldste reguleringsplanane for næringsområde og for fritidsbustader skal gjelde vidare eller om dei skal opphevast. Det vil og bli vurdert om manglar i gjeldande reguleringsplanar (t.d. der byggegrenser eller utnytingsgrad manglar) kan overstyrast gjennom føresegner for utvalde tema i arealdelen.

Jf. kap 8.2 er det behov for å gå gjennom sonene innanfor LNF-områda der det er opna for spreidd bustad- og næringsutvikling.



Kva treng vi å kartlegge og innhente meir informasjon om i planarbeidet?

- Kartlegge omfanget av uregulerte og regulerte hyttetomter i gjeldande planar
- Kartlegge dagens næringsareal, inkludert areal for reiselivnæring, og evt. behov for utviding
- Utgreiing om framtidig reiselivskonsept for Lifjell
- Kartlegge konsekvensar av å oppheve eldre reguleringsplanar for næringsområde og fritidsbustader
- Kartlegge kapaistet i eksisterande massedeponi og evt. nye område til dette formålet dersom behov

8.5 Grøntstruktur og vassdrag

Arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen:

Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

Viktige friluft- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast.

For strandsona i Sauherad (Heddalsvatnet-Bråfjorden-Sauarelva-Norsjø-Gvarvelva) har det nyleg blitt utarbeidd ei strandsoneutgreiing som grunnlag for både samfunns- og arealdelen. Denne ser på potensialet i vassdraget for auka attraktivitet, næringsutvikling og bustadutvikling samstundes som kvalitetar for friluftsliv, naturmiljø og kulturlandskap blir ivaretatt. Utgreiinga vil vere eit viktig grunnlag for å vurdere reiselivs- og bustadbygging i tilknytning til vassdraget. I gjeldande kommuneplan for Sauherad er det opna for spreidd bryggebygging. Omfanget av brygger og korleis føresegner om spreidd bryggebygging har fungert bør kartleggast i planarbeidet.⁴

Grunnvatn og vassdrag dekker mange ulike behov og funksjonar og ivaretar viktige økosystemtenester. Dette kan t.d. vere vassforsyning, vatnrensing, oppretthaldelse av økosystem og naturmangfald, grunnlag for transport, kommersiell fangst og fiske, akvakultur og rekreasjon, kraftproduksjon, råstoffutvinning, og landskapsmessige og kulturhistoriske verdiar. Alle forslag som berører overflatevatn eller grunnvatn skal vurderast etter fastsette miljømål i regional plan for vassforvaltning.

Alle forslag om omdisponering av LNF-område eller grøntstruktur må vurderast utifrå konsekvensar for naturmangfald

Viktige friluftsområder i Bø og Sauherad vil bli kartlagt og verdivurdert i løpet av hausten 2019. Denne kartlegginga vil danne grunnlag for avgrensing av omsynssoner for friluftsliv i arealdelen. I planarbeidet er det behov for å gå gjennom kva delar av kommunen som er mangelfullt kartlagt m.o.p. biologisk mangfald. Det må vurderast kva kriterium som skal leggast til grunn for omsynssone for bevaring av naturmiljø.

Kva treng vi å kartlegge og innhente meir informasjon om i planarbeidet?

- Kartlegge status for brygger og småbåthamner og godkjente «spreidde» brygger
- Samle oversikt over kva delar av kommunen som er kartlagt m.o.p. biologisk mangfald. Det kan bli behov for feltundersøkingar som grunnlag for konsekvensutgreiinga.



8.6 Beredskap og tryggleik

Arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen:

Integrerer omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging

Kartlegg risiko for flaum og skred

Sikrar og vidareutviklar blågrøne strukturar som kan handtere ekstremnedbør

Klimaendringar fører til auka fare for flaum og skred, og arealplanen må ta høgde for dette.

[Klimaprofil for Telemark](#) gir nyttig informasjon som leggst til grunn for planarbeidet. Vidare legg ein til grunn oppdatert kunnskap om økosystem si betydning for klimatilpassing, t.d. at myr, våtmark, elvebreidder kan verke flaum- og tørkedempande.

For Bø-/Gvarvelva vart det i 2018 utarbeidd flaumsonekartlegging, og resultata av denne vil bli følgd opp i planen med faresoner og føresegnar som sikrar at nye bygg toler ein 200-årsflaum. Langs vassdraget er særleg campingplassane utsett for flaum. For Sauarelva og mindre vassdrag er det ikkje utarbeidd flaumsonekart. Her vil aktsemdskartet frå NVE Atlas vere grunnlag for avgrensing av fareområde.

Kjente kvikkleireområde vil bli avsett som fareområde på bakgrunn av avgrensing i NVE Atlas. Kvikkleire kan forekomme utanfor desse områda, i område under marin grense. Føresegnene må sikre at fare for kvikkleireskred blir avklart på reguleringsplannivå og at tiltak utanfor regulerte område ikkje kan gjennomførast utan at faren for kvikkleireskred er avklart.

For skred i bratt terreng vil aktsemdskart i NVE Atlas vere utgangspunkt for avgrensing av fareområde.

Kva krav som skal stillast til handtering av overvatn i utbyggingsområde for å takle framtidig styrtregn, må vurderast i planarbeidet, m.a. korleis dette skal handterast på reguleringsplannivå.

Behov for å sette av areal til snødeponi bør vurderast og det bør vurderast høvet til å setje krav til miljøvenlege energikjelder ved reguleringsplanlegging.

Overordna ROS-analyse for Midt-Telemark kommune blir ferdigstilt hausten 2019 og blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for temaet beredskap og tryggleik. Eldre reguleringsplanar vil bli gjennomgått med omsyn til om fare er tilstrekkeleg vurdert ved utarbeiding av planane. Tryggleikskrav i TEK17 gjeld for all utbygging, ikkje berre nye område.

Kva treng vi å kartlegge og innhente meir informasjon om i planarbeidet?

- Flaumvegar nedanfor kritiske kulvertar og bruer

9 Korleis skal vi vurdere konsekvensane av planforslaget?

Som del av planarbeidet skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing (KU) som omtaler kva verknader planen kan få for miljø og samfunn jf. plan- og bygningslova §4-2 og KU-forskrifta. Utgreiinga skal få fram:

- Viktige miljø- og samfunnsverdiar i foreslåtte utbyggingsområde
- Kva verknader utbygging kan få for desse verdiane
- Kva som kan gjerast for å avbøte negative verknader



Konsekvensutgreiinga vil vere basert på fagkunnskap og fagleg skjønn. Utgreiinga skal i utgangspunktet vere basert på eksisterande kunnskap, men for enkelte fagtema kan det vere behov for oppdatering av kunnskapen. Eksisterande kunnskap og behov for ny kunnskap om ulike tema er omtalt i kap. 8. Kravet om konsekvensutgreiing gjeld alle nye område for utbygging, der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde og for planforslaget samla. Tema for konsekvensutgreiinga:

- Tilhøvet til fastsette arealstrategiar
- Forureining og støy (utslepp til luft, jord og vatn)
- Klimagassutslepp
- Jordvern og sikring av jordressursar
- Naturmangfald
- Landskap og byrom
- Vassressursar og lausmasseressursar
- Kulturminne og kulturmiljø
- Grøntstruktur og friluftsliv
- Transportbehov og trafikktryggleik
- Tilgang til uteområde og gang- og sykkelvegnett
- Teknisk infrastruktur, inkludert jernbane
- Energibruk
- Sosial infrastruktur, inkludert skule, barnehage, helse, omsorg osv.
- Folkehelse og universell utforming, inkl. eit aldersvenleg samfunn
- Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge
- Samfunnssikkerheit og beredskap
- Egnethet til byggeformålet
- Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader jf. teknisk og sosial infrastruktur

Ved inngrep i vassdrag skal konsekvensar for ålmenne interesser vurderast.

Risiko- og sårbarheitsanalyse av planen vil inngå som ein del av konsekvensutgreiinga. DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegging leggast til grunn for ROS-analyse. Planarbeidet skal identifisere tilhøve knytt til risiko og sårbarheit som har betydning for utbyggingsområde. Ved vurdering av skredfare, kan trinn 1 i prosedyreskildring for skredfare i bratt terreng nyttast.

Utgreiing av alternativ vil vere del av konsekvensutgreiinga. For alle utbyggingsforslag vil det bli vurdert om det er andre arealformål som er meir egna på den aktuelle staden og om det er alternative og betre lokaliseringar for den foreslåtte utbygginga, evt. om omfanget bør endrast. Det vil vere aktuelt å vurdere om nye forslag er betre enn eksisterande område og kan erstatte desse.